



Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Møteinnkalling

Utval: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtestad: Gjendesheim, Vågå
Dato: 13.06.2022
Tidspunkt: 11:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Orienteringssaker

- Generelt om reiselivet og andre brukarinteresser rundt Gjende og i Sjudalen
 - Besøksstrategi for Besseggen
 - Foreløpig varsel om planar for ny energiforsyning i Gjendebru
 - Utsiktspunkt Vettisfossen
- Økonomi
- Eigarskap

Følgjande sak blir ettersendt: Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Gravearbeid for utskifting av røyr i dreneringsgrøft mot tunet på Glitterheim - DNT Oslo og Omegn.

Vel møtt!

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 24/2022	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 25/2022	Referatsaker		
RS	Kopi av byggesøknad til Lom kommune - gjetarbu ved Gjendetunga		2020/3707
RS	Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven § 73 fjerde ledd til å frafalle vedtak om tvangsmulkt - statsforvalteren og nasjonalpark- og verneområdestyrene		2021/1167
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Ulovleg dronefilming i Hurrungane - Melding til politiet om brot på verneforskrifta	X	2022/4260
RS	Kartlegging og verdivurdering av biologisk mangfold og utarbeiding av plan for skjøtsel - Haustingsskog ved Hjellegaldane i Utladalen - Signert kontrakt - Biofokus	X	2020/11229
RS	20/326-10 Offentleg høyring - Planprogram kommunedelplan naturmangfold, Vang kommune, Innlandet		2022/3575
RS	Uttale til høyring - Jotunheimen NP - Besseggen som nasjonal turiststi - Besøksstrategi		2022/2755
RS	Melding om vedtak - Jotunheimen NP - endring av detaljplan for miljø og landskap - Memurubu Kraftverk		2018/618
RS	Vedtak fra Lom kommune - Opprusting og utviding av Memurubu kraftverk - Endra detaljplan		2018/618
ST 26/2022	Delegerte vedtak		
10/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - oppsetting av lavvoer vest for Gjende - 040722 - 070722 - Stiftelsen Phoenix Haga		2022/4560
11/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - snødekt mark - vedlikehold av båtnaust ved Langvatnet - Langvatnet Båtlag A/L		2022/3438
12/2022	Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernrområde - Dispensasjon - Motorferdsel - Transport av ved til Kyrkjevatnet - Norsk Folkehjelp Årdal		2022/4184
13/2022	Utladalen landskapsvernrområde - Dispensasjon - Motorferdsel - Transport av ved - Norsk Folkehjelp Årdal		2022/3840
14/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Motorferdsel 2022 - Snøskuter - Transport av skiltstativ til naturstig Krossbu-Bøverbrean - Norsk Fjellsenter		2022/5294
15/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - transport av		2022/5784

	bevegelseshemmet person i gruppe til Glitterheim - DNT v/ Asle Nistad	
16/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Motorferdsel 2022 - Helikopter - Uttransport av framsmelta skrot ved Styggebrean - Juvasshytta og Lom fjellstyre	2022/5321
17/2022	Delegert vedtak - Tillatelse - Utladalen landskapsvernområde - 2022 - Motorferdsel - Transport av materialer og utstyr på Vettisvegen - DNT Oslo og Omegn	2020/9121
18/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Transport til gjetarbu på Gjendetunga - Lom Tamrein AS	2020/3707
19/2022	Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - 2022 - Bruk av helikopter for transport av materiale og utstyr - Storeselet og Nye Fjøsene på Vettismorki	2020/9121
20/2022	Delegert vedtak - Tillatelse - Jotunheimen nasjonalpark - 2022 - Bruk av helikopter for transport av søppel etter opprydding på Fannaråken - DNT Oslo og Omegn	2022/3667
21/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Drone - 2022 - målinger på breer i samarbeid med NVE - SINTEF	2022/4068
22/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Riving av eksisterende- og oppføring av ny utedo - Fannaråken turisthytte - DNT Oslo og Omegn	2019/8199
23/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022-2026 - Helikoptertransport for drift av Pigghytta - Juvasshytta Turisthytte AS	2022/5552
ST 27/2022	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Reautorisasjon av besøkssenter nasjonalpark - Norsk Fjellsenter	2022/4859
ST 28/2022	Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Gravearbeid for utskifting av røyr i dreneringsgrøft mot tunet på Glitterheim - DNT Oslo og Omegn	2022/5719
ST 29/2022	Eventuelt	

ST 24/2022 Godkjenning av protokoll/innkalling
ST 25/2022 Referatsaker
 Kopi av byggesøknad til Lom kommune - gjetarbu ved Gjendetunga 2020/3707
 Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven § 73 fjerde ledd til å frafalle vedtak om tvangsmulkt - statsforvalteren og nasjonalpark- og verneområdestyrene 2021/1167
 Jotunheimen nasjonalpark - Ulovleg dronefilming i Hurrungane - Melding til politiet om brot på verneforskrifta 2022/4260
 Kartlegging og verdivurdering av biologisk mangfold og utarbeiding av plan for skjøtsel - Haustingsskog ved Hjellegaldane i Utladalen - Signert kontrakt - Biofokus 2020/11229
 20/326-10 Offentleg høyring - Planprogram kommunedelplan naturmangfold, Vang kommune, Innlandet 2022/3575
 Uttale til høyring - Jotunheimen NP - Besseggen som nasjonal turiststi - Besøksstrategi 2022/2755
 Melding om vedtak - Jotunheimen NP - endring av detaljplan for miljø og landskap - Memurubu Kraftverk 2018/618
 Vedtak fra Lom kommune - Opprusting og utviding av Memurubu kraftverk - Endra detaljplan 2018/618
ST 26/2022 Delegererte vedtak
 10/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - oppsetting av lavvoer vest for Gjende - 040722 - 070722 - Stiftelsen Phoenix Haga 2022/4560
 11/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - snødekt mark - vedlikehold av båtnaust ved Langvatnet - Langvatnet Båtlag A/L 2022/3438
 12/2022 Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernrområde - Dispensasjon - Motorferdsel - Transport av ved til Kyrkjevatnet - Norsk Folkehjelp Årdal 2022/4184
 13/2022 Utladalen landskapsvernrområde - Dispensasjon - Motorferdsel - Transport av ved - Norsk Folkehjelp Årdal 2022/3840
 14/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Motorferdsel 2022 - Snøskuter - Transport av skiltstativ til naturstig Krossbu-Bøverbreen - Norsk Fjellsenter 2022/5294
 15/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - transport av bevegelseshemmet person i gruppe til Glitterheim - DNT v/ Asle Nistad 2022/5784
 16/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Motorferdsel 2022 - Helikopter - Uttransport av framsmelta skrot ved Styggebrean - Juvasshytta og Lom fjellstyre 2022/5321
 17/2022 Delegert vedtak - Tillatelse - Utladalen landskapsvernrområde - 2022 - Motorferdsel - Transport av materialer og utstyr på Vettisvegen - DNT Oslo og Omegn 2020/9121
 18/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Transport til gjetarbu på Gjendetunga - Lom Tamrein AS 2020/3707
 19/2022 Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernrområde - 2022 - Bruk av helikopter for transport av materiale og utstyr - Storeselet og Nye Fjosen på Vettismorki 2020/9121
 20/2022 Delegert vedtak - Tillatelse - Jotunheimen nasjonalpark - 2022 - Bruk av helikopter for transport av søppel etter opprydding på Fannaråken - DNT Oslo og Omegn 2022/3667
 21/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Drone - 2022 - målinger på breer i samarbeid med NVE - SINTEF 2022/4068
 22/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Riving av eksisterande- og oppføring av ny utedo - Fannaråken turisthytte - DNT Oslo og Omegn 2019/8199
 23/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel -

Arkivsaksnummer: 2022/4859-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 06.05.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	27/2022	13.06.2022

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Reautorisasjon av besøkssenter nasjonalpark - Norsk Fjellsenter

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen tilrår at Norsk Fjellsenter blir re-autorisert som besøkssenter for Jotunheimen nasjonalpark.

Norsk fjellmuseum/Norsk Fjellsenter har vore autorisert nasjonalparksenter i 25 år, og har vore forvaltningsknutepunkt for Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparker frå 2012 / 2014. Det er etablert eit godt samarbeid mellom besøkssenteret og nasjonalparkforvaltninga, og forvaltningsknutepunktet har eit breitt kompetansemiljø som stadig er i utvikling. Senteret oppfyller godt krav som er sett i Miljødirektoratet sine retningslinjer for besøkssentra.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. e-post av 05.05.22 frå dagleg leiar for Norsk fjellsenter, Mai Bakken
2. Sak 44/2012 og Sak 5/2017 i Nasjonalparkstyret – uttaler i samband med tidlegare re-autorisasjonar av info-senteret
3. Miljødirektoratet - Retningslinjer for autorisasjon og re-autorisasjon av besøkssenter for nasjonalparker og annan natur i Norge.

Saksopplysningar

Miljødirektoratet har etablert eit system med autorisasjon av naturinformasjonssentra for å sikre kvaliteten ved dei ulike sentra. Systemet har krav til re-autorisasjon kvart femte år. Norsk Fjellmuseum vart autorisert som nasjonalparksenter for Jotunheimen i 1997, og vart i 2009 også autorisert som nasjonalparksenter for Reinheimen. Fjellmuseet endra i 2016 namn til Norsk Fjellsenter.

Sist nasjonalparkstyret behandla ein re-autorisasjon av info-senteret var i sak 5/2017 i møte 23.02.2017. Styret gav denne uttalen: «*Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen tilrår at Norsk Fjellsenter blir reautorisert som besøkssenter for Jotunheimen nasjonalpark.*»

Dagleg leiar for Norsk fjellsenter, Mai Bakken, skriv følgjande i epost av 05.05.22: «*Norsk fjellsenter skal reautorerast som Besøkssenter nasjonalpark i 2022. Vedlagt ligg ein veileder frå Miljødirektoratet og punkt 3.2.3. omhandlar samarbeid og forvaltningsknutepunkt.*»

Punktet syner til at «brev med anbefaling/støtte frå statsforvalter, verneområdestyre bør forklare hvorfor senteret anbefales, beskrive i hvor stor grad senteret samarbeidet med verneområdestyre, statsforvalter...»

Eg ber med dette om eit slikt støttebrev/vedtak frå verneområdestyret. Sjølve autorisasjonsbesøket skal skje i september, det kan vere at dei ynskjer representasjon frå 1 av forvaltarane i samband med dette besøket, men det kjem vi attende til.»

Miljødirektoratet sine Retningslinjer for autorisasjon og re-autorisasjon av besøkssenter natur i Norge gjev følgjande føringar i kap. 10.3 - Nasjonalpark:

«Målet med opprettelsen av et besøkssenter nasjonalpark er å formidle kunnskap om nasjonal og internasjonal natur og bidra til forståelse for vern av naturverdier og biologisk mangfold. Besøkssenter nasjonalpark skal spesielt formidle informasjon og kunnskap om nasjonalparken og de verneområder de er knyttet til. Videre skal sentrene informere om allemannsretten og motivere til miljøvennlig og bærekraftig friluftsliv. Sentrene skal fungere som en åpen dør til natur og naturopplevelser og bidra til å skape begeistring og ansvarsfølelse for naturen.

- *Sentrene skal informere om betydningen av naturvern i Norge.*
- *Sentrene forutsettes å ha et nært samarbeid med verneområdestyret og nasjonalparkforvalteren i de områdene der ordningen er etablert.*
- *Opplevelsesmulighetene i nasjonalparken/e og i randsonene til disse skal presenteres ved senteret.*
- *Utstilling og informasjon skal stimulere de besøkendes egen aktivitet i naturen.*
- *Det bør være lett tilgjengelig og godt presentert informasjon om friluftsliv, stinett og turhytter med utgangspunkt i senteret, i nærheten av senteret, eller i tilknytning til nasjonalparken(e), med tilliggende verneområder.*
- *Sentrene skal installere og ta i bruk relevant felles informasjon om alle landets nasjonalparker og ev. andre felles tema, som utarbeides sentralt.*
- *Det skal tilstrebes samarbeid mellom sentrene, for å kunne utvikle felles pedagogisk metodeverktøy, temautstillinger o.l.*
- *Sentrene bør arbeide aktivt for å få til et samarbeid med relevante forskningsmiljø og prosjekt.*

Ved autorisasjon og re-autorisasjon av besøkssenter nasjonalpark forutsettes det et positivt vedtak fra vernemyndighet og kommune.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert frå 01.01.2020. Styret kan gje uttaler i saker som vedkjem verneområdet, direkte eller indirekte.

Vurdering

Som autorisert nasjonalparksenter for Jotunheimen har Norsk Fjellsenter ansvar for å formidle informasjon om nasjonalparken og tilhøyrande verneområde, og bidra til auka forståing for vern av naturverdier og biologisk mangfald. Norsk Fjellsenter har ein viktig funksjon som besøkssenter i høve til lokalbefolkning, skulane i regionen og dei mange turistane som vitjar området. Lom er eit trafikalt knutepunkt, der ferdselsårene Rv. 15 og Fv. 55 over fjella mot vest møtest, og har såleis ei strategisk god plassering i forhold til å kunne nå mange besøkande. Ved fjellsenteret er det i dag kontorplass for mange aktørar, mellom

anna dei to forvaltarane for Jotunheimen og Reinheimen med kontorstad i Innlandet. Det ligg også godt til rette for at andre kan ha gjestekontor ved senteret for ein eller fleire dagar. Det breie kompetansemiljøet som i dag er samla ved Norsk Fjellsenter gjer at besøkande kan treffe fleire av aktørane som opererer i Jotunheimen og fjellområda rundt. Kontoravdelinga vart oppgradert i 2013, og i 2016 vart den nye publikumsdelen opna.

Det har vore ulike utstillingar for å vidareutvikle senteret som informasjonspunkt og møteplass for forvaltninga og dei ulike brukarane elles. Det er nær dialog mellom fjellsenteret og nasjonalparkforvaltarane når det gjeld ulike saker og prosjekt knytt til informasjon og formidling. T.d. vart det laga ein informasjonskampanje om sporlaus ferdsel våren 2020 som eit samarbeid mellom fjellsenteret og nasjonalparkane, og ny natursti om geologi er under utarbeiding ved Krossbu i Jotunheimen. Fjellsenteret har også arrangert møte knytt til revisjon av forvaltningsplan og besøksstrategi for Jotunheimen, og det er veldig positivt å ha med kompetansemiljøet innan kommunikasjon og formidling når ein arbeider med desse spørsmåla. Vidare var Norsk Fjellsenter vert for Miljø- og klimaministeren då han besøkte Jotunheimen og Breheimen sommaren 2021; eit opplegg som vart lagt til rette i tett samarbeid med forvaltarane i Jotunheimen og lokale aktørar.

Autoriserte sentra blir registrert innan merkevaren til Miljødirektoratet. Autorisasjon med krav til re-autorisasjon kvart 5. år, er eit system for å sikre og oppretthalde kvaliteten ved dei ulike besøkssentra. Norsk Fjellsenter står fram som eit solid senter, som gjennom 25 år både har greidd å halde på det etablerte miljøet som var med frå starten, og har vidareutvikla senteret med nye aktivitetar, utstillingar og arbeidsplassar. Fjellsenteret er og ein viktig møteplass og arena for fagseminar, og ikkje minst som eit bindeledd mot reiselivet. Mange oppsøker også senteret og nasjonalparkforvaltninga i samband med ulike studieturar, og dette er med og bygge nettverk på tvers av fagmiljø og administrative grenser, og gjev i tillegg verdfulle ringverknader for næringslivet.

Arkivsaksnummer: 2022/5719-3

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 02.06.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	28/2022	13.06.2022

Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Gravearbeid for utskifting av røyr i dreneringsgrøft mot tunet på Glitterheim - DNT Oslo og Omegn

Innstilling frå forvaltar

DNT Oslo og Omegn får med heimel i naturmangfaldlova § 48, jf. den generelle dispensasjonsheimelen i § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, dispensasjon for gravearbeid i samband med dreneringstiltak ved Glitterheim Turisthytte.

Følgjande vilkår gjeld for alle gravearbeida:

- Det blir gjeve løyve til utskifting av gamle røyr og etablering av ei ny lukka grøft med dreneringsrøyr over ei strekning på inntil 40 meter ved innkøyinga til tunet. Det skal leggjast vekt på ein naturleg overgang mot det opne bekkesiget på begge sider av den lukka grøfta. Endane på dreneringsrøyrret skal steinsetjast med naturstein, slik at det ikkje blir liggande synleg i dagen.
- All graving skal utførast mest mogleg skånsamt, og terrenget må setjast i stand etter utført arbeid. Eventuell overskottsmasse og stein som blir teke opp av grøfta kan plasserast i søkk i terrenget nær vegen, og setjast i stand for mest mogleg naturleg preg på overflata.
- Der det er overflatemasse med vegetasjon skal dette laget skrapast av og leggjast til side, og nyttast som toppdekke for revegetering på areal utanom flatene som i dag er opparbeidd veg og tunareal med grusoverflate.
- Det skal ikkje såast til med tilført frø, jf. forbodet i verneforskrifta § 3 pkt.2.1.

Dispensasjon for motorferdsel i samband med utføring av gravearbeid blir gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, jf. den generelle dispensasjonsheimelen i § 4 i verneforskrifta.

Avgrensa bruk av motoriserte hjelpemiddel på dette opparbeidde området blir ikkje vurdert å vera i strid med verneformål eller gå ut over verneverdiane. Løyvet omfattar transport av gravemaskin eller anna eigna utstyr på strekninga frå bommen til Glitterheim, og bruk av motoriserte hjelpemiddel i samband med graving av grøft og istandsetting av terrenget..

Tiltakshavar har ansvar for innhenting av løyve etter motorferdsellova når det gjeld gravearbeida dersom Lom kommune vurderer at det krevst eiga behandling for desse tiltaka.

Det er vidare ein føresetnad at grunneigar gjev samtykke til tiltaka.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Søknad ved e-post av 02.06.22 frå DNT Oslo og Omegn v/ Bygningssjef Håvard Amlien
2. Spørsmål om tilleggsopplysningar ved e-post av 02.06.22.
3. Tilleggsopplysningar og foto ettersendt ved e-post av 07.06.22.

Saksopplysningar

DNT Oslo og Omegn har sendt følgjande søknad:

Bakgrunn:

Bekken som renner igjennom gården og uthuset ble tidligere kalt «dobekken». Uthuset var en modernisert form for utedo nærmest en WC med rennende vann. Denne bruken av bekken og uthuset har det for lengst blir slutt på, men bekken har på folkemunne beholdt navnet.

Det har de siste årene vært problemer med at det blir stående mye vann i gården da dagens rørføring som leder «dobekken» delvis har begynte å komme over terreng slik at rørene begynner å gå i oppløsning. Rørene har antageligvis også gått tette under uthuset slik at huset delvis fylles med vann ved stor vannføring. Dette er ikke heldig med så stor fuktpåkjenning for uthuset.

Forslag:

Vi søker om å få legge nye nedgravde rør gjennom gården (se blå strek) for hindre at gården fylles opp med vann og at rørstrekket legges uavhengig av uthuset. Arbeidene er planlagt gjennomført i løpet av sommersesongen 2022.

Søknaden er supplert med foto og detaljert forklaring frå turistverten ved Glitterheim.

Foto vedlagt søknaden viser plassering og omfang av tiltaket



Kartutsnitt/flyfoto viser at strekninga med ny grøft er ca 40 meter (blå markering). Raud pil viser stigen, som vatnet renn etter pga at den gamle grøfta er tett/delvis samanrasa.



Bileta under viser stien, som i periodar fungerer som et slags bekkefar. Ved å leie vatnet med grøft på nedsida av huset i bakgrunnen vil ein unngå problemet med vatn og erosjon.



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 01.01.2020.

Verneformål – forskrift

Inngrep – gravearbeid og drenering

Forskrifta § 3 pkt. 1.1 set i utgangspunktet forbod mot alle inngrep i landskapet:

1.1 Vern mot inngrep i landskapet

«Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, buskar, maskiner og liknande, opplag av båtar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørtlegging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmende.»

§ 3 pkt. 1.2 viser vidare til at Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

a) Vedlikehald av bygningar, anlegg og innretningar som ikkje fører til bruksendring.

Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding. - - -

- - -

c) Vedlikehald av eksisterande vegar i samsvar med forvaltningsplan.

Motorferdsel

§ 3 pkt. 6.1 set i utgangspunktet forbod mot all motorferdsel.

Det er ikkje spesifikke heimlar for bruk av gravemaskin eller anna motorisert utstyr i samband med opprusting av veg og anna areal knytt til turisthytta, så søknaden blir behandla etter den generelle unntaksheimelen, som er erstatta av § 48 i naturmangfaldlova.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkast frå 2008, som blir brukt som rettleiande dokument, legg til grunn at «Vanleg vedlikehald er tillate» (kap. 8.2), men gjev ikkje spesielle føringar for gravearbeid.

For motorferdsel er overordna føring at ein skal ha minst mogleg motorferdsel, og ein dispensasjonspraksis for samordning av transport er eitt av verkemidla for å oppnå dette.

Naturmangfaldlova

Det er ikkje spesifiserte føringar for bruk av gravemaskin innan verneområdet, og transport og bruk må behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen, dvs. nml § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkåra må vera oppfylt.

Søknaden blir og vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Eksisterande bygningar/anlegg og vegar/stigar har behov for jamleg vedlikehald. Det er etablert praksis å opne for nødvendige motoriserte hjelpemiddel i samband med vedlikehald av eksisterande bygg og anlegg. Veg og tunareal inngår her. Nødvendig vedlikehald av etablerte anlegg blir ikkje vurdert å skape uheldig presedens.

Vurdering

Tiltaket blir vurdert som nødvendig vedlikehald for å hindre fuktskader og førebygge forfall av bygningar, og for å halde vatnet utanom tunet og stigen som kjem opp mellom hovudbygning og det vesle bygget ved innkøringa til tunet. Som bileta illustrerer så er dette i stor grad område som allereie er opparbeidd som veg/transportareal. Etter gjennomført drenering vil tiltaket knapt bli synleg, under føresetnad av at det blir lagt vekt på gode avslutningar der røyret munnar ut i terrenget nord og sør for vegen. Tiltaket vil ikkje drenere tilgrensande areal, men vil styre vatnet frå eit naturleg bekkeløp på ei avgrensa strekning, og hindre at det byrjar å renne etter stigen frå Gjendesheim/Memurubukanten der denne kjem opp i tunet. Tiltaket vil skjerme bygningar og tun mot vatn/fuktskadar og hindre avrenning og erosjon i den T-merka stigen i periodar med snøsmelting og kraftig nedbør.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnet: Det er god kunnskap om området, og tilrettelegginga skjer innan område som allereie er i bruk for turisthytta og tilhøyrande tilkomstveg.

§ 9 Føre-var prinsippet: Dei omsøkte tiltaka er lokalisert i tilknytning til etablert bedriftsområde og etablert veg- og tunareal. Tiltaket vil ikkje gje merkbar meirbelastning på naturmiljøet.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel og inngrep i landskapet, men tiltaka gjeld eit dokumentert behov for å hindre forfall. Samla belastning blir vurdert som akseptabel, og nytteverdi er større enn ulempene.

§ 11 - Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Dersom området ikkje blir sett i stand etter anleggsarbeidet, kan tiltakshavar bli pålagt rydding med heimel i nml § 11.

§ 12 - Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Det er ein føresetnad at transport knytt til anleggsarbeidet blir planlagt godt for å unngå unødige motorferdsel innan verneområdet.

Det skal ikkje såast til med tilført frømateriale, jf. verneforskrifta § 3 pkt.2.1.

Overflatemassar/vegetasjon som må fjernast i samband med gravearbeidet, skal leggest til sides og nyttast som overdekking for gjenskaping av mest mogleg naturleg terreng på sidene av vegen ved avslutning av arbeidet.

Andre opplysningar

Motorferdsel vil i enkelte høve også krevje behandling av kommunen som myndigheit etter motorferdsellova. Motorferdsel i samband med dette gravearbeidet vil vera i tilknytning til allereie opparbeidd veg og trafikkareal, men det er opp til Lom kommune å vurdere eventuelt behov for behandling etter motorferdsellova.

Det er vidare ein føresetnad at grunneigar gjev samtykke til tiltaka.

ST 29/2022 Eventuelt